

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGENDato: 02.03.2017
Vår ref.: 2015/10633-36
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Vedkommande merknad frå Bergen bystyre ved handsaming av Plan- og byggeprogram for kommunale vegar 2017

Det vert vist til brev av 25. februar 2017 vedkommande merknad frå Bergen bystyre ved handsaming av Plan- og byggeprogram for kommunale vegar 2017.

I merknaden frå bystyret ber dei Hordaland fylkeskommune om å:
prioritere sikring av fotgjengerovergang på fylkesveg 580 ved bensinstasjon Arnatveit i Arna ved rullering av fylkets trafiksikkerhetsplan.

For det fyrste er det viktig å merke seg at Hordaland fylkeskommune sin *Handlingsplan for trafiksikring i Hordaland 2014-2017* ikkje omfattar konkrete fysiske tiltak på vegnettet. I handlingsplanen gjev overordna føringar for heilskapleg prioritering av trafiksikringsarbeidet i Hordaland. Mål- og satsingsområda innanfor trafiksikring er skissert, og i tillegg omfattar handlingsplanen haldningsskapande trafiksikringstiltak gjennom arbeidet til Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU).

Fysiske tiltak på fylkesvegnettet vert av Hordaland fylkeskommune handsama gjennom årlege Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane, som er forankra i Regional Transportplan for Hordaland (RTP) med tilhøyrande Handlingsprogram/Investeringsprogram. Når det gjeld aktuelle trafiksikringstiltak på fylkesvegnettet i Bergen kommune så er desse organisert gjennom Bergensprogrammet, og vert handsama gjennom *Tiltaksplanen for trafiksikkerhetstiltak i Bergensprogrammet*, med nemnde årlege Plan- og byggeprogram. Bergensprogrammet sitt trafiksikringsarbeid har representantar frå Bergen kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Arbeidet med tiltaksplanen er koordinert med Bergen kommune sitt arbeid med kommunal trafiksikringsplan, og innmeldte ønskjer frå innbyggjarane som gjeld fylkesvegnettet vert teke med inn i arbeidet med tiltaksplanen.

Som for resten av fylkesvegnettet i Hordaland er det store behov for trafiksikringstiltak på fylkesvegnettet i Bergen kommune. Dette inneber ei særleg prioritering av tiltak som skal få løyving. Fylkeskommunen vil ta merknaden frå Bergen bystyre med seg inn i arbeidet med tiltaksplanen. Korvidt etablering av ein fotgjengarovergang ved bensinstasjonen på Arnatveit (fylkesveg 580) er eit aktuelt tiltak for gjennomføring må utgreiast vidare, og sjåast opp mot andre trafiksikringstiltak i Bergen kommune.

Det kan avslutningsvis nemnast at *Handlingsplan for trafiksikring i Hordaland* for kommande planperiode vil verte ein del av *Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet i Hordaland* som skal handsamast i fylkestinget i desember 2017, og vert gjort gjeldande frå 2018.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.